

DET MÅTTE TRE STERKE  
KVINNERTIL FORÅ SAMLE  
HELE TRØNDALAG OM  
ÉNBUNAD

NORSK

flid

HUSFLÍDEN®



Ragna Rytter, en av kvinnene bak trønderbunaden, i nettopp trønderbunaden.

# **DET MÅTTE TRE STERKE KVINNER TIL FORÅ SAMLE HELE TRØNDELAG OM ÉN BUNAD**

Det var tre driftige lærere, Ragna Rytter, Kaspara Kyllingstad og Ingeborg Krokstad som tok tak i det møysommelige arbeidet med å utvikle en felles bunad for hele Trøndelag. Det fantes ikke en eneste hel bunad å bygge på, men de fant et rikt grunnlag i gamle klesdrakter, plagg og historiske kilder.

De begynte arbeidet i 1920, og tre år etter var Trønderbunaden klar. Den ble godt mottatt av folk flest og kyndige fagfolk. For som Klara Semb sa:

**«DET ER SOGESUS OVER TRØNDERBUNADEN».**

Her er historien om Trønderbunaden. Fortalt av Ragna Rytter selv.

God fornøyelse!

# LITT OM TRØNDERBUNADEN

AV RAGNA RYTTER

Trønderbunad? spør du kanskje. Har de så lite fantasi i bygdom at det har vore same bunaden for heile Trøndelag?

Sjølv sagt ikkje. Det har ikkje frå gamalt vore noko dei har kalla Trønderbunad. Men da vi i 1920 tok til å leite etter gammal bunad her i Trøndelag, var det vanleg å tala om hallingbunad, hardangerbunad osb. Det var slike samnemnarar for heile landsluten og dalføret vi var vant til å tenkje oss. Det sermerkte for kvar bygd var det ikkje tala så mykje om.

Hulda Garborg skreiv i 1917: Alle bunader er longe borte der oppe i Trøndelag no. Så det var ikkje med så store voner vi tok til med arbeidet for trønderbunaden.

Vi var tri lærarinner som gjorde opptaket. Kaspara Kyllingstad på Torshus folkehøgskule og Ingeborg Kroksstad på Inntrøndelag husmorskule hadde begge både utdania, dugleiken og interessa som måtte til. Elevane våre vart sette til å hjelpe oss med leitinga. Broderte skjorter og annan kvitsaum fekk vi mykje av, men retteleg gamle klede elles var det vandt å få. Husmødrene ville ikkje sleppe oss inn på kledeloft og i kister – langt ifrå, dei hadde da ikkje noko som var ved å sjå! Ikkje ein einaste **heil bunad** fann vi, men dei plagg som fanst, synta da at både fargar og tilskjering hadde vore ulik i dei ymse bygder. Så bar det til å leite i Kunstmuseet i Trondheim og i Oslo, i dokter Støren sine samlingar i Meldal, og i ymse biletverk i Universitetsbiblioteket.

Portrett- og landskapsmålaren Dreyer, fødd i Trondheim 1775, var tolk åt to tyske prinsar som reiste ikring i Norge, og han teikna norske bygdebunader på reisene sine. Desse teikningane vart gjevne ut i eit verk som heiter «Norske Folkedragter». Det er rokokomotane frå 1700-talet som går att i Dreyer sine teikningar. Karane har sid frakk med store lommer, og knebukser som mykje godt ser ut til å vera av ljost skinn. Kvinnebunadane er vide, randute eller einsfarga stakkar, innsvinga kofte med skjøte og lange ermar, og ljost mønstret forkle. Når vi likna Dreyer sine teikningar saman med det vi hadde funne av gamle klede, var det greitt å sjå at det er rokokomotane som har halde seg her i Trøndelag med ymse bridge. Til stasklede har det vore bruka mykje **utanlandsk** ty, silke og brokade. Det heiter i eit gammalt skrift frå den tid at «Stjørdalen kjøber hvert aar for 5000 Rigsdaler i silke og damask, hvorfor de bør lastes». Og det var nok store verdiar, for 2 riksdalar var ku-pris den gongen!

Men når vi skulle til å bruke bunad att, tykte vi det var rett å halde seg til heimegjort ty. Så kunne vi få oppatt den vakre mørnsterveien i dreiel og damask som det har vore så mykje av i Trøndelag før, den tid dei dyrka lin og vov dukar som gjekk i arv i ætta i hundre år.

Det var ikkje råd den gongen å vente på at vi skulle få klarlagt korleis bunaden hadde sett ut i **kvar bygd**, det får vi vel aldri greie på, for i dei fleste Trøndelags-bygder er det gamle så vel borte. Elevane våre ville ha bunad, og vi var lei av å låne framand stas. Etter at vi i 3 år hadde arbeidd så grundig som det var råd med det materiale som låg føre, våga vi oss til å saume dei fyrste trønderbunadene på skulane der vi arbeidde.

Livet til desse fyrste bunadene var av dreiel, med gloriagarns renning og ull innslag. Stakken heilull toskaft, einsfarga eller randut, men dei randute stakkana vart det snart slutt med, no brukar vi einsfarga. Livet vert no vove i damask, forkleet er òg i damask, grått og kvitt. Når bunaden skulle vera ein sammennar for den fargerikdommen som hadde vore bruka før, tykte vi det måtte vera litt fridom i val av fargar. Vi vart samde om at etter dei fargane vi hadde funne, kunne liv og stakk vera anten i raudt, blått eller grønt. Det grå damaskforkleet står godt til alle dei fargane.

Det er mange som undrast på kvifor det ikkje skal vera brodert bord på trønderstakken. Vi fann nokre broderte stakkar, ein frå Sandstad i Buvik, raud med brei brodert bord, sauma med heimespunne ubleikt lintråd, og ein frå Orkdal, Ijos grå, med to smale, fine bordar, sauma med kolørt silke. I gamalkyrja på Sakshaug, Innerøy, hang ei stakkbreidd av blått ullty, med brei brodert bord i mange fargar, og ein raud stakk med brodert bord. Men alle desse stakkane var vatterte, så det var greitt at dei hadde vore bruka til understakkar. Når kvinnene gjekk til kyrkje, lange og ofte søylute vegar, bretta dei opp den side kjolestakken og «kvitklokka», og da var det om å gjera å ha fine undstakkar. Sist på 1800-talet var det mykje bruka raude heimevovne heilullstakkar med applikasjon i svart fløyel, eller svarte fløyelsband påsett i ymse mønster. Desse understakkane var i vanleg bruk ikring 1900. Men **utanpåstakkar** med broderi fann vi ikkje, og i Dreyer sine teikningar av rokokomotane finst det ikkje ein einaste stakk med brodert bord. Men undstakkane har vel alle stader vore utstasa, på den store bunadsutstillinga i Bergen, der Vestlandet mørnstra bunader og bunadsstas i eit par tusen nummer, var det framsynt ei menge vakre undstakkar, i tavlebragdsmønster og rosebragd.

Ein bunad må ha hovudplagg og sokkar og sko som høver. Ein må ikkje bruke høghela sko og usynlege sokkar til bunad! Den raude bunaden har smale, grøne kantar på stakk og liv, og til den skal det vera grøne sokkar. Den blå og den grøne bunaden er kanta med raudt, og til dei høyrer raude sokkar. Bunadsskorne skal ha halvhøg hel, brei utskoren tunge og spenne, helst av sylv. Spenna skal stå midt på vrista.

Sylvet til bunaden vår elles er ei serksylge med hengelar, ermeknappar, og to par spenne i livet. Og så kan ein bruke det vakre brystsmykket i filigramsarbeid som frå gamalt var kalla Agnus Dei (avstutt «angstei» eller «angstein»). Det skal hange i sylvkjede kring halsen. Ein må ikkje setje sylge over spissane på livet, så ein gøymer den fine utskjeringa.

Skjorta er av kvit lin, med rikt utsauma kvardar og akselstykke. Det er mest over heile Trøndelag brukta geometriske mønster til kvitsaumen, han er «sauma etter tråden» som vi seier. Men det finst òg i mange bygder broderi i rankemønster, og da dei er lettare å saume, vart det så vi brukta dei. Der fekk vi da den vakre grunnsaumen med.

Til hovudplagg har vi både eit kvit linskaut og ei rosesauma huve. Dei første huvene hadde mønster etter ei svart fløyelshuve med broderi frå Singsås. Men vi har seinare funne huer som liknar Singsås-huva, i fleire bygder. Vi har brukta svart silke i staden for fløyel, for å gjera huva lettare. Pullen er heilt utsauma, i fleire fargar. Over framstykket på huva var det frå gamalt brukta eit lett silketørkle, svart med kolørte bordar. Denne tunne, mjuke silken, som kom frå Sidenfabrikken ved Stockholm, er ikkje lenger å få, og skal ein veva tørklede i kunstsilke, vert dei for tunge.

Skautet, eller hovudlinet som det vel helst burde heite, er av kvit, halvklar lin, med ein smal bord i enkel uttrekkssaum rundt heile kanten, og ein brei bord i dobbel uttrekkssaum framme. Endane som heng ned i ryggen, har firkantar i dobbel uttrekkssaum. Under skautet set vi ein smal valk, trekt med raudt ty, den held skautet på plass, og det vert meir kledeleg enn om det ligg ned i panna. Linskautet er det gamle «brurplagget» som dei brukta i Selbu (truleg andre stader òg). Brura hadde det over hovudet når dei reiste til kyrkja, da låg det langt fram i panna, og var fest saman i nakken. I prestegarden vart så brura pynta med krans og krone. Brurplagget brukta ho sidan kring borna når dei vart bore til dåpen.

Til bunaden høyrer òg ei lauslomme med masinglås. Slike vakre, heimsmidde masinglås med hekte til å henge i stakklinninga, finst det mange av på gardom enda. Lommene finn vi helst på musea no. Dei har framstykke av svart ullty, utsauma med ullgarn i fleire fargar, bakstykke av skinn, og linfor inni.

Kva skal ein så brukta til utanpåplagg til bunad? Ei moderne kåpe tek seg därleg ut, og ho tek heil knekken på nystrokne skjorteermar. Vi har teke i bruk den gamle norske kappa, som islendingane brukar til bunaden sin. Det er eit kep, som er både kledeleg og praktisk.

Våren 1927 kom det ei oppmodning frå «Trønderheimen» i Trondheim, om framlegg til arbeidsbunad åt kaffestovegjentene. Dette framlegget vart sendt: Bunaden kan ha same snitt som trønderbunaden, med stakk og liv av blått bomullsty, skjorte og forkle av ljost fleurfarga bomullsty, raude sokkar. Vi meiner framleis at dette hadde vore både vakrare og meir praktisk enn det som vert brukta på kaffestovene no.

Til sommarbruk og til leikebunad på skular og i lag saumar vi bomullsbunad i samme snitt som festbunaden, men i heilt valfrie fargar. Kvít skjorte er mest bruka, og av praktiske grunnar vert ho ofte sauma med korte ermar.

Det er ikkje lite arbeid å saume all den kvitsaumen som høyrer til trønderbunaden. Men det er no verdfullt å ha, når det fyrst er ferdig! Vi må freiste å få tid til å halde liv i den rike tradisjonen vi har her. Direktøren Dedekam skriv, i verket «Hvitsøm fra Nordmøre», som kom ut i 1914:

«I Trøndelag finnes der knapt en bygd hvor ikke i allefall brude- og brudgomsskjorter har vært prydet med hvitsømsbroderi». Det er serleg på slike gamle skjorter og serkar vi no finn att dei vakre kvitsaumsmönstra, som vi i lang tid brydde oss så lite om.

Men enn om du som er trulova gjente i dag, og gjerne vil gjera guten din ei glede, kunne ofre det halve av kino- og dansekveldane og saume ei fin bunadsskjorte åt han!

**«FOR LENGE, LENGE SIDAN, EIN VÅRDAG BLANK OG YR  
– EG TRUR DET BYRJA SÅLEIS, DET KVITE EVENTYR!  
HO GJEKK OG GJETTE TULLA, OG DAGROS VAR DET VEL,  
EI LITA LJOSLETT GJENTE, FRÅ MORGON OG TIL KVELD.  
OG NÅR I MIDDAGSLEITE DEI KVILDE OPP! LI,  
SÅ MANGE SØTE DRAUMER HO ØRA SEG INN I.  
MED NÅL OG TRÅD HO LEIKA SEG I DET KVITE LIN,  
DA VART HO VAR AT SYMRA SÅ KVIT I MOSEN SKIN.  
MOT KVELDEN SKORTEKVARDEN STOD FULL AV SYMRER VISST!  
HO TENKTE PÅ DEN GUTEN HO SÅG VED KYRKJA SIST.  
OG SIDAN BLØMER SYMRA SÅ RIK I KVITE LIN,  
OG NORSKE GJENTER DRØYMER I LINET DRAUMEN SIN».**

Ja, tenk på det. Og ta til å saume, så vi snart kan få sjå gutane òg i bunad. Enn så mykje festlegare dei vart å sjå på, ikkje berre i leikarringen! Det er så mange stilige mannsbunader vi kan ta opp att her i Trøndelag.

Det har vore skrive mykje om bunadsspørsmål av kloke og lærde folk i seinare tid, og m.a. vore ironisert over at bygdebunadene skulle ha noko med det nasjonale å gjera, når dei ofte har rot i utanlandske motar. Slike kan vi vel ta med ro. **Bunad og 17. mai og Ja, vi elsker** har no framleis ein **varm** samanheng for norsk ungdom. Og **meiner** vi at bunaden skal vera eit symbol for det norske hjarta som slær under han, ja, så **er** han det.

Trønderbunaden, slik som han vart teken fram i 1923, vart godt motteken, og vert stadig meir bruks, av ungdom i Trøndelag. Og vi har hatt den hugnaden at kunnige folk har tala vel om han. Professor Paasche sa ein gong at det var den vakreste bygdebunad han hadde sett, og Klara Semb seier at «det er sogenes over trønderbunaden».



**SØMFORKLARING TIL  
TRØNDERBUNADEN**



Stakk lengda er upåvirka av moten, ferdig stakk lengde ca. 20 cm fra golvet.

To stoffhøyder à 140 cm bredde sys sammen, 15–18 cm åpning i en side til splitt. Gjør nederste kant ferdig først: Legg retta av kantestoffet (ca. 20 cm bredt og i samme vidde som stakken) til retta av stakken, kant i kant, legg skoning av strie (ca. 15 cm bredt, også i samme vidde som stakken) oppå kantestoffet, sy alle tre lag sammen.

Press alt sørrom mot skjørtet og legg et linsnøre (vevesnor) inntil sørmen, brett kantestoffet over, tråkle på retta langs kanten av stakkstoffet. Denne runde pyntekanten får en synleg bredde på ca.  $\frac{3}{4}$  cm. Sy fra retta langs tråklinga med prikkesting (dvs. ettersting med mellomrom).

Sy strien til kantestoffet med maskina, pass på at begge lag blir glatte. Kast over øverste kant av kantestoffet med åpne kastesting og lore (dvs. et lite sting i stakken, et i kantestoffet, langt mellomrom).

Stakken får påsydd linning i livet, helst av samme stoff. Vidda fordeles med glatt stykke midt foran, ca. 15–20 cm bredt, og et stykke med piperynker midt bak på ca. 40 cm, sammenrynta til ca. 8 cm. Foldene, 6–8 stk. på hver side, legges bakover. Splitten må plasseres innerst i en folde på venstre side.

Eksempel på foldeberegning med 70 cm vidde i livet:

Glatt midt foran . . . . .	20	cm	Linningvidde . . . . .	70	cm
+ rynker midt bak . . . . .	8	»		÷ 28	»
Tilsammen . . . . .	<hr style="border-top: 1px solid black;"/>		28	cm	<hr style="border-top: 1px solid black;"/>
				42	cm

42 cm : 12 folder = **3,5 cm** bredde på hver folde.

Stakkvidde ( $\div$  sørrom)    276 cm  
 $\div 102$     »     $(70 + 32 \text{ [rynker } 40 \div 8\text{]} = 102 \text{ cm})$   

---

  
174 cm

174 cm : 12 folder = **14,5 cm** til innlegg i hver folde.

Hvis en vil ha foldeinnlegget til midtpartiet dypere, blir det tilsvarende mindre innlegg på de andre.

**Midt bak:** Sett tykke rynketråder (f. eks. knapholssilke) 4 stk. etter hverandre med 1,5 cm mellomrom, ta 1 cm på nåla, 1 cm under, trekk sammen til 8 cm. Sy et par kjedestingsømmer på vranga for å holde rynkene på plass. Sy linning, ferdig bredde 2 cm.

## **FORKLEET:**

Forkleet må være ca. 5 cm kortere enn stakken og få en bred fald. Underbretten kan gjerne få en maskinsøm og overbretten lores opp. Forkleet får i livet et glatt midtparti på ca. 14 cm og 3 små folder til begge sider, påsydd en smal linning med knapp og knaphol.

## **BUNADSKJORTE:**

**Kontrollmål for armlengde:** Mål fra midt i ryggen over bøyd arm fram til håndleddet, legg til 2 cm. Kontroller på den klipte skjorta på samme måte om armlengda passer.


**Ermene:** Beregn ca.  $\frac{1}{2}$  håndlinningslengde til splitt, lag en smal fald, sy den ned med faldesting eller trekk ut en tråd og sy holfald, la falden skrå ut til ingen ting øverst (se tegning nr. 1). La ermet være glatt ca. 1 cm fra splitten, striperynk resten av vidda. Avpass rynkevidde etter linninga, forsterk rynkene med en kjedestingsøm på vranga ved å ta ytterst i hver stripe, 1 cm fra rynketråden. Sy på håndlinning med faldesting på rette og vrangle, ett sting i hver rynke. Sy knaphol for mansjettknapper. Spjeldet er en kvadratisk lapp som settes til ermet for å gi mere vidde. Sy først en rettside av spjeldet til ermet, indresøm mot ermet. Sy så hele ermet sammen med indresøm (se tegning nr. 2), indresømmen mot spjeldet på mosatt side, smalne av sømmen til splitten. Øverst på ermet 2 partier med striperynker, 2 cm brede ferdig, og begge innenfor bredda av skulderstykket. Er f.eks. skulderstykket 12 cm bredt, blir det 8 cm glatt stykke mellom rynkepartiene.

**Bolen:** Splitten foran beregnes ca. 18 cm lang. Trekk ut 1 tråd 1 cm inn, brett og sy holfald, smalne ut falden, forsterk med knapholsting i bunnen. Lag «lusestige» i splitten ca. 3 cm oppover. «Lusestige» vil si kryssesting med slyng. Pynt også oppå falden med kryssesting og slyng.

**Skulderstykket:** Stikk det til skjorta, stopp sømmen 1 cm fra kanten, og pass på at underlaget er en tanke strammere enn skulderstykket. To doble trekantner syes til halsringinga for å gi riktig skulderskråing, brett underbrett på skulderstykket, putt trekantene innunder, stikk med maskina, sy skjorta til med faldesting på vranga, ta i maskinsømmen. Prøv bolen for å kontrollere halsringinga.

**Halslinning:** Legg den broderte sida av linninga mot retta av bolen, sy sammen. Sy den andre sida av linninga med faldesting til maskinsømmen, og lag til slutt en pyntestikning  $\frac{3}{4}$  innenfor den første sømmen.

**Sammensyng av bole og erme:** Sy sidesøm på bolen og ermesøm samtidig, indresømmen mot ermet. Ta ikke med skulderstykket, brett det etterpå over indresømmen, sy det ned til ermet med faldesting. Pynt kanten på skulderstykket på langs og tvers med kryssesting og slyng. Lag en smal fald nederst på bolen.



## **VESTEN:**

Prøv ut mønstret til vesten i lerret eller liknende for å se om det passer. Legg mønstret på vevstoffet og klipp med 8 cm sørrom foran til jarekant, 3 cm i sidene og skuldersømmer, 1 cm i hals- og ermringinger, 2 cm for sømmene bak og i livet. Sett merketråd rundt alle mønsterkanter. Klipp foret likt med vesten unntatt midt foran, hvor foret ikke trenger sørrom. 2 kvadratiske klaffer som skal sitte foran i livet, og kappe klippes av veste- og forstoffer med ca. 1 cm sørrom.

Klipp trådrette remser av kantebånd, ca. 3 cm brede. Sy kantebånd langs 3 sider på klaffene og den lange kappe, brett over mot vranga slik at det blir 3–4 mm synlig kant på retta, sy til forstoff på vranga. Klaffene syes glatte til vesten, og den lange kappa får rynketråd.

For at hals og ermringinger ikke skal strekkes, tråkles et bånd eller en  $\frac{1}{2}$  cm bred, trådrett stoffremse til oppmerking for halsringing foran og bak, det nederste av ermringing foran og på sidestykket. Tråkle midten av båndet til oppmerking så det blir med i maskinsømmen. Stikk en 6 cm bred stoffremse av tett stoff til foret, legg remsa inntil midt foran og slik at den vil bli mellom for og vest.

Legg vest og for inntil hverandre, midt foran på midt foran. Stikk med maskina jarekanten på vesten ned på foret (8 cm sørrom) fra halsringing til ca. 5 cm fra livet. Sy de 5 cm til med hånd når klaff og kappe er i orden. Vrangsy foret til hver enkelt vestedel, hold foret litt strammere, særlig over skuldrene.

**Forstykket:** Sy maskinsøm langs oppmerking for hals- og ermringing og  $\frac{1}{2}$  cm innpå sørrommet for skulder- og sidesøm.


**Midt- og sidestykkene bak:** Sy maskinsøm langs oppmerking for hals- og ermringinger  $\frac{1}{2}$  cm inn på sørrommet for side- og skuldersømmer. Tråkle sørrommet mot vranga på de 3 sømmer bak, brett foret litt innenfor kanten, næl sømmene sammen med solid lintråd, sy foret ned med det samme (se tegning 3).

Tråkle vesten sammen langs oppmerking for side- og skuldersøm, kontroller om den passer. Ta inn overflødig vidde i livet i snittsømmer. Det er penest hvis snittet kan komme rett opp for splitten mellom klaff og kappe. Vest og stakk bør ha omtrent samme livvidde fordi de skal hektes sammen med hekter.

Livlinja på den ferdige vest skal ligge 2 fingerbredder ovenfor midja. Den markeres med et kantebånd med snor i. Klipp kantebåndet 4 cm bredt, trådrett, legg det dobbelt, putt snor inni, tråkle godt inntil snora. Tråkle snorkanten til vesten langs oppmerking i livet, tråkle klaffene og kappa til livlinja, tråkle en 4 cm bred forremse over, sy den til med faldesting, og til slutt de 8 cm sørrom foran.


Vær oppmerksom ved opp-pressing av vesten at sømmene bak, som er næla sammen, ikke må presses flate, men få en liten knekk innfor hver søm.

Sy i hekte og malje i spissen foran. 2–3 stk. i livet, 2 sølvspenner utenpå. Sy 7 store hekter i livet på vesten og 7 maljer på tilsvarende plass på stakklinninga.



## KEPET:

Ytterplagget til trønderbunaden er utarbeidet på grunnlag av fem gamle kep som finnes i Folkemuseet for Trondheim og Trøndelags tekstsamlinger. Alle disse fem kepene er like i stoff, snitt og farge, men de er innkommet til museet fra følgende forskjellige steder i Trøndelag: Røros, Soknedal, Rennebu, Meldal og Stjørdal. Stoffet i kepene er en «kongeblå» ulldamask i noe variert mønster-rapport og er tett rynket rundt halsåpningen, som har en 3–4 cm høy rett oppstående halslinning. Denne er forsynt med en hjerteformet spenne av sølv eller nysølv med delvis gravert og gjennombrutt mønster. Foruten at slike spenner er bevart på to av de gamle kepene, har museet flere slike løse kep-spenner i sine samlinger. Alle kepene har vært foret, tre har blomstret trykt lerretsfor, og to er foret med grovt striaktig stoff. Høyden på kepene er ca. 80–85 cm.



# SØMFORKLARING TIL KEPET

Retten legges mot hverandre på stoff og for.

Sidesømmene og ryggsømmen syes sammen.

Det er regnet med 1 ½ cm syingsmonn i sidene, ryggen syes innenfor jarekant.

Tråkle sammen. Pass på sammensetningsmerker. Sidesømmene på foret syes likedan sammen med 1 ½ cm syingsmonn. Press ut sømmene. Legg stoff og for med retten mot hverandre, sy straks innafor jarekant. Press ut sømmen og vreng rundt. Tråkle forkant så foret kommer 2 mm innafor stoff. Tråkle stoff opp 2 cm nedenfra. Staffér for 1 cm fra nedre kant. Sy så med ¾ cm øm stoff og for oventil. Nå rynkes stoff og for sammen i øvre kant før kraven settes på (se fig. 1).

Bruk kraftig lintråd som rekker over hele øvre delen av kappen og begynn ca. 2 ½ cm fra forkant. Det skal være 3 rynketråder, hvert sting skal stå nøyaktig over hverandre. Fest trådene godt foran. Etter at alle rynketråder er satt i, trekkes det hele sammen til den ønskede halsvidde oppnås. Den varierer vanligvis fra 46 cm til 49 cm på de forskjellige størrelser.

Kontroller at ryggsøm og sidesømmer er nøyaktig likt plassert, sidesømmer ca. 12 ½ cm fra forreste kant.

Kraven syes så ferdig i ferdig bredde alt etter vedkommendes halshøyde. Foret skal legges mot stoffet, så strie oppå der, så syes det indre kravestoff på ca. 2 cm fra øvre kant. Kraven tråkles og syes på halshullet med maskin med 1 cm ømmonn.

Så håndstikkes forkant og krave ½ cm fra ytterkant, deretter håndstikkes nederste kant av kraven 1 cm ovenfor maskinsømmen. Mellom disse kantstikkinger håndstikkes øm i sik-sak med 3 cm mellom spissene (se fig. 2).

**Obs.! Kraven skal syes slik at den blir trangere innvendig.**

Av foret syes 2 stropper 1 ½ x 20 cm og settes langs forreste kant innvendig på knappen, ca. 30–35 cm fra nederste kant av kraven.

En spenne foran i halsen.



# **SØMFORKLARING TIL KVARDAGSBUNAD**

## **STOFF:**

Stripet husflidsstoff til stakk og ensfarget til vest.

Vesten har kantinger av annen farge.

Det lønner seg å krympe stoffet før klipping. Uten det kan en risikere at plagget blir for lite etter 1. gangs vask.

## **VEST:**

Ryggen klippes hel. Man kan fore hele vesten, eller bare forstykkene. Fores bare forstykkene, må rygg og ermehull kantes med skråband av samme stoff.

Prøv ut mønsteret i lerret eller lignende for å se om det passer. Livlinja på den ferdige vesten skal ligge 2 fingerbredder ovenfor livet.

Legg ut mønsteret på vestestoffet og klipp 6–8 cm sørrom foran (ut mot jare) 4 cm i sidene og på skulderen, 1 cm i hals- og ermringning. Merk opp rundt alle mønsterkanter. Klipp foret likt med vesten unntatt midt foran hvor foret ikke trenger sørrom. Til for kan en bruke blåtøy eller annet tynt bomullststoff.

2 kvadratiske klaffer og kappa klippes av vestestoffet med 1 cm sørrom rundt.

Klipp trådrette remser av kantestoffet, 3 cm bred. Sy kantebåndet langs 3 sider på klaffene og på kappa. Brett over på vranga slik at det blir 3–4 mm synlig kant på retta. La alt sørrommet gå opp i kappa. På vranga brett underbrett og sy ned kantestoffet med ikke for tette faldesting.

Klaffene syes glatt til forsykket mens den lange kappa rynkes.

For at hals- og ermringning ikke skal strekkes og slå ut, tråkles ei trådrett remse ca. 0,5 cm bred til oppmerkingen i halsringningen foran og bak. Midten av båndet tråkles til oppmerkingen på vranga.

Klipp en 6 cm bred stoffremse av tett stoff, legg remsa inntil midt foran og slik at den blir mellom for og vest. Stikk den fast.

Legg vest og for inntil hverandre, midt foran på midt foran. Stikk med maskina jarekanten på vesten ned til foret (ca. 8 cm somrom) fra halsringning til 5 cm opp fra livet. Sy de 5 cm til med en hånd når klaff og kappe er påsydd.

Vrengsy foret til hver enkelt vestedel. Hold foret litt strammere, særlig over skuldrene.

**FORSTYKKE:** Sy maskinsøm langs oppmerkningen for hals- og ermringning og 0,5 cm inn på sømrommet for skulder og sidesøm.

**BAKSTYKKET** vrengsyes likt med forstykket.

Tråkle vesten sammen langs oppmerkningen for side- og skuldersøm. Kontroller at den passer. Ta inn overflødig vidde i livet i 2 innsnitt foran.

Det er penest hvis snittene foran kan komme rett opp for splitten mellom klaff og kappe.

Vest og stakk bør ha omtrent samme liwidde fordi de skal hektes sammen i livet.

Livlinja markeres med et kantebånd. Klipp kantebåndet 4 cm bredt, trådrett. Brett det dobbelt og tråkle det fast til vesten langs oppmerkinga i livet slik at ca. 3–4 mm blir synlig på retta. Tråkle klaffene og kappa til livlinja, tråkle en 4 cm bred forremse over og sy alle lagene sammen med maskin.

Brett forremsa over sårkantene og sy den ned med faldesting. Til slutt brettes de 8 cm over og syes ned med faldesting.

Sy hekte og malje i spissen foran, 2–3 stykker i livet. Sy hekter i livet på vesten og 7 maljer på tilsvarende plasser på stakken.

## STAKKEN:

Stakk lengden bør ikke være påvirket av moten, den skal gå godt nedenfor kneet. Stoff-forbruk: 3 høyder i 70 cm bredde. Er det en fyldig dame bør en rekne 4 stakkhøyder for at en skal få nok til foldeinnlegg og rynker.

Stakken har påsydd linning i livet og ca. 7–8 cm bred fald nede.

Sy stofflagene sammen, pass på at stripene stemmer. I en side avsettes 16–18 cm for splitt.

Vidda i livet fordeles slik: Midt foran et glatt stykke på 15–20 cm og midt bak ca. 7 cm piprykker (det er ca. 35 cm som er sammenrykket til 7 cm). På hver side 6–8 folder som er lagt bakover. Skjøteåpningen må plasseres inne i ei fold på venstre side. Det er best å plassere den i den forreste folderen.

Eksempel på foldeberegning med 68 cm vidde i livet:

$$\begin{array}{rcl} \text{Glatt midt foran} & \dots & 18 \text{ cm} \\ + \text{rykker midt bak} & \dots & 7 \text{ "} \\ \hline \text{Tilsammen} & \dots & 25 \text{ cm} \end{array} \quad \begin{array}{rcl} \text{Linningvidde} & \dots & 68 \text{ cm} \\ \div 25 \text{ "} & & \\ \hline 43 \text{ cm} & & \end{array}$$

43 cm : 12 folder = **3,6 cm** bredde på hver folde.

$$\begin{array}{rcl} \text{Stakkvidde} (\div \text{sømrom}) & & 204 \text{ cm} \\ \div 96 \text{ "} & & (68 + 28 [\text{rykker } 35 \div 7 = 28 \text{ cm}] = 96) \\ \hline 108 \text{ cm som blir foldeinnlegg.} & & \end{array}$$

108 cm : 14 folder = 7,7 cm innlegg i hver folde.

Her må en huske å rekne med 14 folder på grunn av det glatte stykket midt foran. Hvis en vil ha foldeinnlegget i midtpartiet dypere, blir det tilsvarende mindre innlegg på de andre.

**MIDT BAK:** Sett rynketråd (f.eks. knapphullslik) 4 stykker etter hverandre med 1,5 cm mellomrom, ta 0,5 cm på nåla og 0,5 cm under, trekk sammen til 7 cm. Sy et par kjedestingsrader på vranga for å holde rynkene på plass. Sy på linning, ferdig bredde 2 cm.



# **TRØNDERBUNADEN STOD FERDIG I 1923, MEN DET VAR DA DEN EGENTLIGE HISTORIEN BEGYNT.**

For en bunad lever, og blir egentlig aldri helt ferdig. I begynnelsen vevde man stoffet og sydde bunadene helt selv – og da sier det seg selv at det ble mange varianter. Hvis det ble vanskelig å få tak i et spesielt stoff, fant man gjerne lokale varianter og alternativer (det er derfor vi har både lin- og gloriavariant av bunaden).

Og sånn er det litt i dag også, nye varianter kommer til etter hvert. Snitt og lengde på stakken endrer seg i takt med resten av motebildet. Det er ikke uvanlig at du kan se to veldig ulike trønderbunader side om side, uten at den er riktigere enn den andre.

Det finnes hele syv hovedvarianter av trønderbunaden. Rød, grønn og blå i både lin og gloriagarn, og i tillegg har du den sorte i gloria. Det finnes tre skjorter å velge i, tre mønster i vesten og to ulike forklær. I tillegg har du fire vesker, og da har vi ikke engang begynt å snakke om hodeplagg og sølv. Det er heller ingenting i veien for å bruke en skjorte som har gått i arv. For mange er det nettopp det som gjør en bunad helt unik.

Det finnes like mange historier om trønderbunaden som det finnes trønderbunader. Din historie begynner den dagen du bestemmer deg.



Norsk Flid Husfliden Trondheim tlf: 73 83 32 30  
[www.norskfid.no](http://www.norskfid.no)

NORSK  
FLID HUSFLÍDEN®